

PROTOKOLL - ÅRSMØTE I ERESFJORD BYGDELAG

Tid: Onsdag 10. Juni 2026, kl. 20:00

Stad: Ungdomshuset Skogly

Deltakarar: Ni personar frå bygda

Sak 1. Godkjenne innkalling og saksliste.

Årsmøtet godkjente innkalling og saksliste.

Merknad: Jf. lagets vedtekter skal årsmøtet gjennomførast innan utgangen av mars. Årsmøtet godkjente dette avviket.

Sak 2. Velgje møteleiar, skrivar og teljekorps, og to til å underskrive protokollen.

Bjarte Rød vart vald til møteleiar og skrivar.

Stig Arild Arvesen og Michael Wilhelmsen vart vald til å skrive under protokollen.

Sak 3. Godkjenne styret si årsmelding

Bjarte Rød leste opp årsmeldinga for 2025.

Årsmeldinga vart einstemmig godkjent med nokre mindre tillegg og endringar.

Årsmeldinga ligg vedlagt protokollen.

Sak 4. Godkjenne årsrekneskap

Per Even Opsal la fram årsrekneskapen for 2025.

Rekneskapen vart einstemmig godkjent av årsmøtet.

Sak 5. Godkjenne styrets forslag til plan og budsjett for kommande år

Plan for 2026 vart einstemmig godkjent av årsmøtet.

Sak 6. Val

Styret i 2025 har vore:

Leiar	Bjarte Rød (på val)
Styremedlem /kasserar	Per Even Oppsal (på val)
Styremedlem	Ingrid Husby Angvik (på val)
Styremedlem	Tore Rød
Styremedlem	Trym Kjøs
Varamedlemmar	Karoline Øverås og Marthe Steinsvoll (begge på val)
Valnemd	Lasse Kristiansen, Lene Roti og Turid Øverås (på val)

Valnemnda v/ Turid Øverås la fram inn si innstilling til medlemmar i nytt styre:

Leiar: Lasse Kristiansen (for 1 år)

Styremedlem/ kasserar: Per Even Opsal (for 2 år)

Styremedlem: Ingrid Husby Angvik (for 2 år)

Valnemnda si innstilling vart einstemmig vedtatt.

Det nye styret for 2026 er då som følger:

Leiar	Lasse Kristiansen (på val i 2027)
Styremedlem /kasserar	Per Even Oppsal (på val i 2028)
Styremedlem	Ingrid Husby Angvik (på val i 2028)
Styremedlem	Tore Rød (på val i 2027)
Styremedlem	Trym Kjøs (på val i 2027)
Varamedlemmar	Karoline Øverås og Marthe Steinsvoll (begge på val i 2027)

Lasse Kristiansen som ny styreleiar går ut av valnemnda. Det vart fremma følgande forslag til ny samansetning i valnemnda: Bjarte Rød (3 år), Michal Wilhelmsen (2 år), Lene Roti (1 år).

Forslaget vart einstemmig vedtatt.

Sak 7. Innkomne saker til årsmøtet

Bustadprosjekt – etablering av prosjektgruppa

Bjarte Rød og Kristin Reitan presenterte bakgrunn for å etablere ei prosjektgruppe for å sjå på moglegheiter for å etablere nye bustadar i bygda. Forslag til mandat til prosjektgruppa vart lagt fram, sjå vedlegg. Følgande vart foreslått som medlemmar i prosjektgruppe:

- Kristin Reitan
- Kjetil Torjuul
- Stig Arild Arvesen
- Marianne Reitan
- Eitt medlem frå styret i bygdelaget (styret vel kven som stiller)

Prosjektmandatet og samansetninga i prosjektgruppa vart einstemmig vedtatt.

Prosjektgruppa konstituerer seg sjølv. Prosjektgruppa orienterer styret i bygdelaget om framdrift prosjektet. Styret i bygdelaget kallar inn til bygdemøter ved behov. Kristin Reitan kallar inn til første møte i prosjektgruppa.

Kommunestyreval 2027 – nominasjonsprosessar

Årsmøtet var einige om at det er viktig med lokale kandidatar (på tvers av parti) i kommunestyrevalet neste haust. Nominasjonsprosessane har starta i dei ulike partia. Alle har ein jobb med å oppmode folk til å stille på liste.

Eresfjord, 17.6. 2026

Stig Arild Arvesen

Michael Wilhelmsen